



# Vedtekter for Vikedal Ungdomslag (stifta 31.12.1892)

*Endringer av vedtekter vedtatt på årsmøte i Vikedal Ungdomslag den 26.02.2013.*

## § 1 Namnet til laget

Namnet til laget er Vikedal Ungdomslag, og forkortast V.U.L.

## § 2 Føremål

Vikedal Ungdomslag er eit lag for og av ungdommen i Vikedal og omegn. Vikedal Ungdomslag skal arbeide for å gi ungdommen i bygda et variert og interessant fritidstilbod. Gjennom felles arbeid for å nå dette målet vil Vikedal Ungdomslag òg vera med på å styrkja samhaldet mellom ungdommane.

## § 3 Juridisk person

Foreininga er sjølvvegande og en frittstående juridisk person med upersonleg og begrensa ansvar for gjeld.

## § 4 Medlemmer

Alle som innordnar seg under laget sine lover, kan takast opp som medlem. Opptak av nytt medlem skal straks innførast i medlemsprotokoll/kartotek. Medlemskapet er først gyldig frå den dag første kontingent er betalt.

## § 5 Stemmerett og valgbarhet

Alle medlemmer har stemmerett og er valgbare til tillitsverv i foreininga.

## § 6 Kontingent

Kontingenten blir fastsett av årsmøtet og betales forskotsvis. Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn ett år, har ikkje stemmerett eller andre rettigheter, og kan av styret strykast som medlem av foreininga. Dersom eit medlem blir stroke, kan det ikkje takast opp igjen før skuldig kontingent er betalt.

## § 7 Godtgjering av tillitsvalde

Tillitsvalde skal ikkje motta honorar for sine verv.

## § 8 Årsmøte

Årsmøtet, som blir avholdt kvart år i februar månad, er foreininga si høgaste myndigheit. Årsmøtet vert kalla inn av styret med minst ein månads varsel, direkte til medlemmene og/eller ved kunngjering i pressa. Forslag som skal til behandling på årsmøtet skal vera sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vera tilgjengelig for medlemmene seinest 1 veke før årsmøtet. Alle medlemmer har adgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitara andre personer og/eller media til å vera til stades. Årsmøtet er vedtaksført med det antall stemmeberettigede medlemmer som møter. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt. På årsmøtet kan det ikkje behandlast forslag om vedtektsending som ikkje er oppført på saklista seinast ei veke før årsmøtet. Andre saker kan behandlast og avgjerast når to tredjedelar av dei frammøtte krev det. Slik beslutning kan berre takast i samband med godkjenning av saklista.



### § 9 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av valgt dirigent. Dirigenten behøv ikkje å vera medlem av Vikedal Ungdomslag.

### § 10 Stemmegjeving på årsmøtet

Med mindre anna er bestemt skal eit vedtak for å vera gyldig vera truffe med alminneleg fleirtall av dei avgidde stemmene. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje avgitt.

Val føregår skriftlig dersom det føreligg meir enn eitt forslag. Bare foreslåtte kandidatar kan først opp på stemmeseddelen. Skal fleire veljast ved same avstemming, må stemmesedlane innehalde det antall forskjellige kandidatar som det skal veljast ved vedkommande avstemming. Stemmesedlar som er blanke, eller som inneheld ikkje foreslåtte kandidatar, eller anna antal kandidatar enn det som skal veljast, tel ikkje, og stemmene vert sett på som ikkje avgidd.

Når eit val foregår enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei oppgitte stemmene, foretas bundet omval mellom dei to kandidatane som har oppnådd flest stemmer. Er det ved omval stemmelikskap, vert valet avgjort ved loddtrekning.

Når det ved valg skal veljast fleire ved ein avstemming, må alle for å anses valgt ha meir enn halvparten av dei avgidde stemmene. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentantar. Dersom ikkje tilstrekkelig mange kandidatar har oppnådd dette i første omgang, anses dei valgt som har fått meir enn halvparten av stemmene. Det foretas så bundet omval mellom dei øvrige kandidatane, og etter denne avstemminga anses dei valgt som har fått flest stemmer. Er det ved omval stemmelikskap, vert valet avgjort ved loddtrekning.

### § 11 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Behandle Vikedal Ungdomslag si årsmelding
2. Behandle Vikedal Ungdomslag sitt rekneskap i revidert stand
3. Behandle innkomne forslag
4. Fastsette kontingent
5. Vedta Vikedal Ungdomslag sitt budsjett
6. Velje:
  - a) Leiar og nestleiar
  - b) Kasserar
  - c) Styremedlem
  - d) Vara medlem

### § 12 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte blir holdt når styret bestemmer det, eller at minst tredjedelen av dei stemmeberettigede medlemmene krever det.

Det kalles inn på same måte som for ordinære årsmøter, med minst 14 dagers varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle og ta avgjerd i dei sakene som er kunnngjorde i innkallinga.

### § 13 Styret

Styret skal bestå av:

- Leiar for 2 år i gongen
- Kasserar for 2 år i gongen
- Nestleiar
- Sekretær



- Styremedlem
- Vara styremedlem
- Vara styremedlem

Styret står for den daglege drifta av Vikedal Ungdomslag, og pliktar å gjera dette i hen hald til Vikedal Ungdomslag sine vedtekter og norsk lov. Styret pliktar å ta omsyn til fleiratalet blant medlemmene når det gjer sine vedtak, men skal til ei kvar tid ta sine eigen vurderingar ut i frå stoda i laget og kva som vil vera tenleg i eit lengre tidsperspektiv. Styret held i hovudsak styremøte annakvar månad.

Ved stemmelikskap har leiar dobbelstemme.

Styret, og då særleg kasserar, har eit særskild ansvar for å ta vare på Vikedal Ungdomslag sine verdiar, og då særleg ved å sørgja for tilstrekkeleg forsikring av eigedelande til laget.

Styret skal:

1. Iverksetje årsmøtet sine bestemmelser.
2. Oppnevne etter behov komitear/utval/personer for spesielle oppgåver og utarbeide instruks for disse.
3. Administrere og føre nødvendig kontroll med Vikedal Ungdomslag sin økonomi i henhold til dei til ei kvar tid gjeldande instruks og bestemmelser.
4. Representere Vikedal Ungdomslag utad.

Styret skal halde møte når leiaren forlangar det eller eit fleirtal av styremedlemmene forlangar det.

Styret er vedtaksført når et fleirtal av styrets medlemmer er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei avgidde stemmene. Ved stemmelikskap tel møteleiaren sin stemme dobbelt.

#### **§ 14 Grupper /avdelingar**

Vikedal Ungdomslag kan organiserast med avdelingar og/eller grupper. Disse kan leiast av oppnevnte tillitspersonar eller av valgte styrer. Vikedal Ungdomslag sitt årsmøte bestemmer opprettinga av avdelingar/grupper, og korleis desse skal organiserast og leiast.

For avdelingars-/gruppers økonomiske forpliktelsar hefter heile Vikedal Ungdomslag, og avdelingar/grupper kan ikkje inngå avtalar eller representere Vikedal Ungdomslag utad utan styret si godkjenning.

#### **§ 15 Vedtektsendring**

Endringar i desse vedtekter kan berre foretas på ordinært- eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krev 2/3 fleirtal av dei avgidde stemmene.

#### **§ 16 Oppløysning (§ 16 kan ikkje endrast)**

Oppløysning av Vikedal Ungdomslag kan bare behandlast på ordinært årsmøte. Blir oppløysning vedtatt med minst 2/3 fleirtal, vert det innkalla til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare.

Samanslutning med andre foreiningar vert å sjå på som ikkje oppløysning av Vikedal Ungdomslag. Vedtak om samanslutning og nødvendige vedtektsendringar i tilknytning til dette treffes i samsvar med bestemmelsene om vedtektsendring, jfr. § 15.